



Nye Øygarden kommune Prosjektrådmannen

PROTOKOLL INTERIMSTYRE FOR ØYGARDEN BUSTADUTVIKLING KF

Stad: Skjenet 2, Straume

Tid: 21. august 2019 frå kl. 12.30 – 15.30

Styremedlemmer som møtte: Kari-Anne Landro (H) - leiar, Egil Haaland (A) – nestleiar, Torill Selsvold Nyborg (KrF), Åse Gunn Husebø (A) og Nils Kåre Skoge (H)

Merknader:

Frå Sund Eigedomsutvikling KF (SEU) møtte dagleg leiar Nina Glesnes. Frå Sund kommune møtte kommunalsjef for helse og omsorg Marita Hilleren og fungerande kommunalsjef for helse og omsorg Monica Landro som representantar for «bestillingssida» av bustader frå SEU («leverandørsida»). Frå Fjell kommune møtte leiar av bustadkontoret June Johannesen. Alle desse var til stades under sak 2 - presentasjon av noverande bustadformidling i kommunane. Øygarden sine representantar kunne ikkje koma til dette møtet, men tek sin presentasjon om det høver i neste møte.

Sak 4 «Prosess med tilsetting av dagleg leiar i Øygarden Bustadutvikling KF» vart bestemt handsama etter sak 2. Kaja Pedersen var til stades i møtet under handsaminga av denne saka.

Under sak 3 var kommuneadvokaten i Fjell Dag-Heine Bjørndal til stades og svara på juridiske spørsmål knytt til danning av eit nytt KF og prosessen vidare.

Møtet vart leia av Kari- Anne Landro. Frå administrasjonen møtte Jarle K. Oen som skreiv protokoll.

Sak 1 Velkomen

Kari-Anne Landro ønskte alle medlemmane velkomen til møtet. Styremedlemmane presenterte seg sjølv. Vidare gjorde leiaren greie for arbeidet som ligg framfor oss. Me har ikkje god tid og må arbeida raskt for å innfri krava i mandatet (sjå anna sak). I dette oppstartsmøtet skal me få oss oversikt over bustadporteføljen til Sund og Fjell og koma i gong med tilsettingsprosessen av dagleg leiar.

Sak 2 Orientering om noverande bustadformidling i Fjell, Sund og Øygarden

Representantane frå Fjell og Sund vart no invitert i møtet.

Først orienterte June Johannesen om stoda i Fjell kommune. Ho har laga eit oversyn over bustadmassen. Denne ligg ved referatet som vedlegg.

Nokre stikkord frå Johannesen sin presentasjon:

Alle som har **krav på** hjelp frå det offentlege til å skaffe seg bustad som ikkje kan gjere dette sjølv:

- I vanlege omsorgsbustader med tenester frå kommunen
- I omsorgsbustader for psykisk utviklingshemma
- I omsorgsbustader for psykiatri
- Flyktningar med spesielle behov
- Andre som ikkje er i stand til å skaffe eigen bustad
- Ungdommar som ikkje kan/får bu heime
- **Akutte behov** som samlivsbrot eller andre situasjonar der ein mistar bustaden sin

Korleis jobbar vi?

- Årlege handlingsplanar på vedlikehald, vedtekne av styret
- Vedteken Bustadsosial handlingsplan frå Kommunestyret – styringsverktøy på utbygging
- Eigen strategiplan
- Bustadsosialt team, der alle aktuelle tenester for tildeling av bustad er representert

Det vert synt til vedlagte presentasjonar frå Nina Glesnes som gjev eit utfyllande bilete.

Kommentar frå kommunalsjef: Det er svært viktig å ha god samordning mellom tenestene når bustadar skal tildelast og bebuarar skal følgjast opp. Såleis vert den omtala samarbeidsavtalen i fellesnemnda sitt vedtak eit viktig verktøy i arbeidet med å etablera ein slik føreseieleg og nødvendig samordning og samvirke mellom det kommunale bustadkontoret og føretaket.

Vedtak

Interimstyret tek presentasjonane til orientering. Desse gav eit godt oversiktsbilete av den noverande situasjonen. Dette vert teke med i det vidare arbeidet.

Sak 3 Nærare gjennomgang av fellesnemnda sitt mandat til interimstyret

Kommuneadvokaten i Fjell, Dag-Heine Bjørndal, var til stades under handsaminga av denne saka. Han vil kunna bistå interimstyret med juridiske tenester når det er behov for det undervegs i prosessen.

Nokre innspel frå Bjørndal:

- Styret må dimensjonera behovet for tal på tilsette i nye føretaket
- Deretter kan prosjektrådmannen innplassera (nytta seg av styringsretten)
- Det skal ikkje vera noko utfordringar knytt til avviklinga av Sund eigedomsutvikling KF
- Han sjekkar dei formelle reglane for avvikling og kjem med ei tilbakemelding til interimstyret

Mandatet var utsendt ved innkallinga (punkt 5 i fellesnemnda sitt vedtak sitert nedanfor i kursiv) og leiaren gjekk gjennom dette.

Fellesnemnda vedtek at interimstyret skal:

- *Tilsetja dagleg leiar i Øygarden Bustadutvikling KF*
- *Laga organisasjonsplan for føretaket*
 - o *Overta portefølje og administrativ organisasjon frå Sund Eigedomsutvikling KF*
 - o *Overta portefølje og eventuelt administrativt tilsette frå Øygarden og Fjell kommunar*
- *Skaffa seg oversyn over bustadporteføljen*
- *Gjennomføra verdifastsetjing*
- *Skaffa seg gjeldsoversyn*
- *Koma med framlegg til årsbudsjett (utgifter/inntekter for føretaket)*
- *Utarbeida samarbeidsavtale og system for samhandling mellom Øygarden Bustadutvikling KF og aktuelle kommunale aktørar*
- *Rappporterer til fellesnemnda (fram til nytt kommunestyre er valt)*

Det vart peika på punkta i mandatet om verdifastsetjing og gjeldsoversyn knytt til bustadporteføljen. Interimstyret meinte at ein alt no burde senda ei henvending til rett instans for å få sett i gang dette arbeidet.

Vedtak:

1. Interimstyret tek mandatet til etterretning.
2. Interimstyret ber administrasjonen senda ei henvending til rett instans som går i gong med å skaffa seg verdifastsetjing og gjeldsoversyn over heile (eigd) bustadporteføljen i dei tre kommunane.

Sak 4 Prosess med tilsetting av dagleg leiar i Øygarden Bustadutvikling KF.

Personalleiar i NØK Kaja Pedersen vart kalla inn av leiaren til å bistå interimstyret i denne saka. Nokre sentrale punkt:

- Køyra ein tilsettingsprosess så lik som mogleg som dei øvrige tilsettingssakene på leiarnivå i Nye Øygarden Kommune (bruk av malar og framgangsmåte)
- Det vart drøfta moglege prosessar for tilsetjing av dagleg leiar, men styret var einige om at det først må vurderast om det føreligg rettskrav på stillinga som dagleg leiar.
- Må kartleggja kven av dei tilsette som er berørt i Fjell og Øygarden til å bli tilsett i det nye KF-et
- Tillitsvalde må også verta tidleg påkopla i denne prosessen og i interimstyret sitt arbeid elles.
- Det vert viktig ha ein god kommunikasjonsplan for det vidare arbeidet. Dette vert ei sak å drøfta i neste møte.

Vedtak:

1. Til neste møte må det liggja føre ei skriftleg juridisk vurdering av rettskravspørsmålet. Administrasjonen peikar ut kompetent sakshandsamar.
2. Når rettskravspørsmålet er avklara tek interimstyret vidare steg i tilsetjings-saka.
3. Interimstyret rettar ei henvending til prosjektrådmannen der det vert utnemnd 2 hovudtillitsvalde til å delta i tilsetjingsutvalet for dagleg leiar.

Sak 5 Møteplan for hausten 2019

I første omgang vart det berre diskutert kor tid interimstyret skulle ha neste møte og dagsorden for dette møtet.

Vedtak:

Neste møte vert sett til fredag 30. august kl. 11.00 – 14.00 på Skjenet

Agenda:

- 1) Godkjenning og underskriving av protokoll frå møtet 21. august 2019
- 2) Presentasjon bustadportefølje m.m. frå Øygarden kommune
- 3) Juridisk vurdering av rettskrav – dagleg leiar
- 4) Vidare prosess med tilsetjing av dagleg leiar
- 5) Etablering av tilsettingsutval
- 6) Kommunikasjonsplan/ framdriftsplan
- 7) Eventuelt

Sak 7 Eventuelt

Spørsmål/innspeil:

Det vart reist spørsmål om korleis møtegodtgjersle for medlemmane skulle handterast. Dette vil administrasjonen svara på ved utsending til medlemmane.

Møta er offentlege. Like så protokollen. Kun når styret handsamar interne saker som til dømes tilsetjingssaka av dagleg leiar, vert møtet lukka.

Det vert viktig ha ein god kommunikasjonsplan for det vidare arbeidet. Dette vert ei sak å drøfta i neste møte.

Vedtak:

Spørsmåla vart tekne til orientering og vert følgd opp av administrasjonen.

Underskrift

Vi stadfestar at det som er ført i protokollen er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Kari-Anne Landro

Egil Haaland

Torill Selsvold Nyborg

Nils Kåre Skoge

Åse Gunn Husebø

Vedlegg: 2 presentasjonar frå Sund Eigedomsutvikling KF ved Nina Glesnæs
1 presentasjon frå Fjell bustadkontor ved June Johannesen